



ULVIK HERAD
Plan- teknisk og
miljøetaten

**Føresegner for tømning av slamavskiljar, tette tankar m.v. gjeldande for
Ulvik herad**

Gitt i medhald av lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova).

1. Kvar og kva føresegnene gjeld

Føresegnene gjeld for heile Ulvik herad med fylgjande unnatak :

- a) Veglause grender og eigedomar som elles ikkje er knytta til off. vegnett.
- b) Eigedommar der tømmetanken ligg meir enn 100 m frå køyrbar veg.
- c) Eigedommar der tømmetanken ligg lågare enn 10 m under køyrbar veg.

Føresegnene fastset reglar for tømning av mindre renseanlegg som slamavskiljarar og andre slamtankar for slamtømming av sanitært avlaupsvatn og overvatn. Føresegnene gjeld også for tømning av feittutskiljarar. Alle naudsynte slamavskiljarar/tankar vert medtekne i ordninga.

Som **naudsynte** slamavskiljarar/tette tankar vert rekna :

Septiktankar og andre slamtankar for avslamming av sanitært avlaupsvatn som ikkje er tilknytta offentleg avlaupsnett. Septiktankar og andre slamtankar som er tilknytta offentlege avlaupsnett, men ikkje tilknytta renseanlegg, eller som av andre grunnar vert å rekna som naudsynte.

Føresegnene gjeld og for tette oppsamlingstankar med uhandsama avlaupsvatn.

Ikkje naudsynte slamavskiljarar vert ikkje råka av pkt. 3, fyrste avsnitt og pkt. 5, andre avsnitt. Med **ikkje naudsynte** tankar meiner ein anlegg der avlaupsvatnet vert leida gjennom slamavskiljar til renseanlegg eller anlegg som av andre grunnar vert sett på som ikkje naudsynte.

Føresegnene gjeld ikkje oljeutskiljarar og oppsamlingstankar for industriavlaupsvatn eller liknande ikkje-sanitært avlaupsvatn.

2. Utkopling av slamavskiljarar/tankar

Hovudutval for teknisk og miljø kan i medhald av forureiningslova, §26, krevja at ikkje naudsynte slamavskiljarar vert utkopla.

3. Tømming av slamavskiljarar

For eigedommar med fast busetnad skal slamavskiljaren tømmast 1 gong kvart 2. år.

For eigedommar **som vert nytta som** fritidshus, skal slamavskiljaren tømmast 1 gong kvart 4. år.

Tette oppsamlingstankar skal tømmast når det er trong for det og etter oppmoding frå abonnenten. Det same gjeld for ikkje naudsynte slamavskiljarar. I særskilte høve kan heradet fastsetja anna tid mellom tømestidene.

Tankar som ikkje oppfyller dimensjoneringskrava i "Forskrift om utslipp fra separate avløpsanlegg", må tømmast så ofte som anlegget krev det. Hovudutval for teknisk og miljø kan fastsetja innsamlings-, transport- og handsamingskostnadane for ekstra tømningar utover det som er fastsett i dette punkt, 1. avsnitt (bustadhus) og 2. avsnitt (fritidshus).

4. Abonnenten sine plikter

Abbonnten skal syta for at anlegga som skal tømast, er lett tilgjengeleg for tømning med bil. Overdekning av kumlokk med snø, is, jord eller liknande skal fjernast av abonnenten før tømning skjer. Vedkomande som tømmer har rett til å plassera naudsynt utstyr på eigedommen for å få utført tømninga. Denne retten gjeld og bruk av privat veg.

5. Heradet sine plikter

Heradet eller den heradet gjev løyve, skal syta for tømning av slamavskiljarar, tette tankar m.v. som desse føresegnene gjeld. Septikslammet skal transporterast av heradet eller den heradet gjev løyve, til godkjent septikmottak.

Tømning vert utført etter reglar fastsett i pkt. 3.

Varsel om tømning vert gjeve minst ei veke før tømning skal skje, ved utsending av varselkort i posten.

Tømning skal utførast slik at oppsitjarane ikkje vert unødig plaga av støy eller lukt. Anlegget skal etterlatast i lukka stand. Grindar, portar og dører skal lukkast, evt. låsast.

Heradet, eller den heradet gjev løyve, er pliktig å ta imot alt kloakkslam i heradet.

6. Gebyr

Alle som vert omfatta av ordninga pliktar å betala gebyr fastsett av heradsstyret i medhald av ureiningslova §34.

Abonnentar med naudsynte slamavskiljarar/tette tankar m.v. skal betala eit årleg gebyr til heradet. Abonnentar med ikkje naudsynte slamavskiljarar skal betala direkte til firma som utfører tømninga.

7. Innkrevjing av gebyr, renter m.v.

Gebyr med renter og ev. kostnader er sikra med lovbestemt pant etter pantelova §6-1. Om renteplikt for sein betaling og inndriving av avfallsgebyr gjeld reglane i lov av 6. juni 1975, nr. 29 om eigedomsskatt til kommunen §§26 og 27 tilsvarande og lov av 17. desember 1976 om renter ved for sein betaling.

8. Forvaltning av slamtømninga

Hovudutval for teknisk og miljø er heradet sitt forvaltningsorgan i saker som gjeld slamtømning. Plan- og miljøsjef kan i medhald av føresegnene ta avgjerd i einskildsaker som gjeld drift av ordninga. Plan- og miljøsjef kan etter søknad gje unntak frå desse føresegnene og unnta einskilde eigedomar frå ordninga jf. pkt. 1.

9. Klage

Avgjerder som er tekne av plan- og miljøsjef i medhald av desse føresegnene kan påklagast til hovudutval for teknisk og miljø.

10. Straff

Brot på desse føresegnene vert straffa med bøter etter forureiningslova § 79, andre lekken.